



Meny AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/27 - 17/10459

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

06.04.2017

Svar på tilbakemelding fettutskiljar Meny Knarvik - gbnr 188/764, Gjervik Ytre

Teknisk drift syner til Dykkar brev av 27.03.2017 vedkomande tilbakemelding på kommunen sitt brev av 13.03.2017. I svarbrev har Meny skissert ei tiltaksplan for utskiljaranlegg der eksisterande anlegg skal skiftast ut i 2018.

Innsendt tiltaksplan:

2017

- Justert ned temperaturen på forbruksvann og skyllevann fra 75-60 grader.
- Større kontinuitet i vaskerutinene, slik at vi får spredt dette utover dagen.
- Øke tømmeffrekvens fra 3 til 6 tømminger pr år.
- Budsjettere og prosjektere ny fettutskiller.

2018

- Gjennomføre utskifting av fettutskiller anlegget.

Kommuen sin vurdering:

Utskiljaranlegg ved Meny Knarvik har svært liten reinseffekt. Temperatur i anlegg ligger mellom 26°C og 34°C når anlegg er i full drift. Ved så høge temperaturer har anlegget ingen funksjon og det meste av fett er ført ut på kommunalt leidningsnett. Optimal temperatur i utskiljaranlegg vil ligge under 20°C. Prisippet er «jo lavere temperatur, desto større effekt».

Innsendt tiltaksplan er ei midlertidig løysing. Meny Knarvik skal sende inn dokumentasjon som viser kva effekt tiltaksplan har på anlegget. For å dokumentere dette skal det utførast temperaturlogging av anlegg før kvar tømning. Logginga skal være tatt over **3 døgn** når anlegg er i **full drift**. Det betyr at loggeperioder ikkje kan inkludere helligdager, søndager eller måndager. Måndager vert ikkje godkjent som loggedag fordi anlegg har vore avkjølt under helgestans. Anlegg skal ha vore i drift minst eit døgn før temperaturlogging starter. Ein vil da få mest mulig korrekt logging. Dokumentasjon på tømning/logging skal sendast inn fortløpande slik at kommunen, til ein kvar tid, kan vurdere anlegget sin funksjon.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Dersom kommunen ser at tiltaka ikkje har effekt, vil kommunen fatte vedtak med pålegg om å få på plass større anlegg. Vedtaksbrev vil også fattes dersom kommunen ikkje mottar nødvendig dokumentasjon for å kunne vurdere anlegg.

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløpveie for Lindås kommune» Fylkesmannen i Hordaland, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift skal setje krav til utskiljaranlegg som er tilknytt kommunalt leidningsnett. Føremål med krava er å sikre at vegetabilis og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført ut på kommunalt nett og til reinseanlegg og påfører dette skader.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Meny AS